

		Endeleg
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga	Kontroll ved	RAPPORT
	Flora kommune / Purkehola avfalls plass	

Namn og adresse på verksemda:	Flora kommune Postboks 13 6901 Florø	Arkivkode:	2005/4998 /471
Lovverk:	Sjå punkt 2, Dokumentgrunnlag	Tidsrom for kontrollen:	27.09.2005
Kontrollør	Bjarne Nes	Kontaktperson i verksemda:	Reidulf Refsnes
Deltaking frå kommunen:	Reidulf Refsnes Magne Bakke Leif Egil Leonardsen Erling Sæterlid Janne Langedal		

Innhald i rapporten:

Rapporten omtalar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Andre tilhøve som vedkjem aktuelle kontrolltema er og omtalt.

Hovudkonklusjon:

Følgjande avvik vart avdekka under kontrollen:

- Våtorganisk avfall frå husstandar i deler av kommunen vert deponert i Purkehola
- ”Privat” levering av avfall skjer direkte på deponiet
- Manglande kontroll med samansetjinga av avfallet

Kontrollen gav grunnlag for desse merknadene:

- Kontrollen med avfallet som blir deponert kan betrast
- Avvikssystemet er lite i bruk på avfallsplassen

Utarbeidd dato: 16.11.2005

For Fylkesmannen Bjarne Nes
kontrollør

Innhald

	Side
1. Innleiing	3
2. Dokumentgrunnlag	4
3. Avvik	5
4. Merknader	6
5. Andre tilhøve	6

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll av Flora kommune sitt mottak og deponering av avfall ved Purkehola avfallsplass den 27.09.2005.

Kontrollen er ein del av ein landsomfattande kontrollaksjon som Statens forurensningstilsyn og fylkesmennene gjennomfører hausten 2005. Målet med aksjonen er å kontrollere at avfallsdeponia blir drivne forsvarleg og i samsvar med utsleppsløyve og gjeldande forskrifter. Det vart særleg sett på om deponia har ein god kontroll med det avfallet som blir teke i mot/deponert. Dette m.a. for å unngå at ulovleg avfall hamnar på deponia. For deponi som skal avviklast før 01.01.2009 omfattar kontrollen òg planane for og framdrift i arbeidet med avslutning.

Kontrollen vart gjennomført ved samtalar med ansvarlege for avfallshandteringa i Flora kommune, samtale med driftspersonale, gjennomgang av avfallsregistrering og diverse rutinar og journalar, og ved inspeksjon ved Purkehola avfallsplass.

Kort omtale av Purkehola avfallsplass og avfallshandteringa.

På avfallsplassen sitt område er det i dag:

- Mottak/mellomlager for farleg avfall / EE-avfall
- Containerar for mottak av sortert avfall frå private og næringslivet
- Container for mottak av restavfall
- Komposteringsanlegg for våtorganisk avfall og avløpsslam (eigd og drive av Bioplan og var ikkje ein del av kontrollen).
- Deponiområde
- Gassanlegg (uttak og brenning av deponigas sidan våren 2005)

Flora kommune har søkt om fritak for kravet om dobbel botntetting for eksisterande deponi, og om løyve til vidare drift av avfallsdeponi i Purkehola etter 2009. Søknaden om fritak for dobbel botntetting ligg pr. i dag i SFT til klagehandsaming. Kommunen opplyser at følgjande tiltak er sette i verk for å få kontroll med og dokumentere sivevassavrenninga:

- Lekkasje aust for fangdam er leia i avskjerande grøft til utslepp bak fangdam.
- Lekkasje i terreng aust for komposteringsanlegg er samla i rør og lekkasje vert mengdemålt.
- Det er etablert 3 målestasjonar (4 brønnar) kring deponiet for prøvetaking. Rapport med måleresultat vert utarbeidd ved utgangen av oktober 2005.

Flora kommune har særskilt innsamling av våtorganisk avfall frå hushaldningane blir levert til kompostering. Unntak for dei som bur på øyane utan ferjerute. Desse leverer våtorganisk og vanleg restavfall samla. Til saman utgjer dette om lag 240 husstandar (- dei som har heimekompostering).

Definisjonar:

AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)

MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

2. Dokumentgrunnlag

Særleg viktige dokument for kontrollen:

- Ureiningslova
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 9
- Utsleppsløyve datert 14.07.2000.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta).
- Diverse korrespondanse mellom Flora kommune og Fylkesmannen

3. Avvik

Følgjande avvik vart oppdaga under kontrollen:

Avvik 1: Våtorganisk avfall frå husstandar i deler av kommunen vert deponert i Purkehola

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 14.07.2000. Punkt 1.4 i vilkåra for løyvet. Jf. Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften), § 9-4 a).

Kommentarar: Husstandar som bur på øyane i kommunen der det ikkje er ferjetilkomst, må i dag levere blanda avfall, dvs. våtorganisk avfall/matavfall inngår i restavfallet som vert deponert i Purkehola. Dette gjeld inntil om lag 240 husstander (med unntak av avfall som blir heimekompostert). I følgje utsleppsløyve og avfallsforskrifta er våtorganisk avfall ikkje tilete å deponere. Flora kommune opplyser at det ligg føre planar for ferjekaier på fleire av desse øyane, noko som vil gjere det mogeleg å samle inn avfallet der på line med resten av kommunen. Dette vil kunne skje innan 1 – 2 år.

Avvik 2: ”Privat” levering av avfall skjer direkte på deponiet.

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 14.07.2000. Punkt 4.3 i vilkåra for løyvet

Kommentarar: Det er plassert container på miljøstasjonen der private og næringslivskundar kan tømme restavfall. Denne har liten kapasitet og det vert opplyst at kundar (i alle høve dei med større mengder avfall) køyrer sjølve inn på deponiområdet med avfallet. Dette er i strid med vilkåra i løyvet, og det kan gjere det vanskeleg å ha god nok kontroll med det avfallet som blir deponert. Driftspersonalet opplyser at det har blitt lettare å følgje med på denne typen avfallslevering etter at avfallsmengda frå næringslivet har blitt redusert.

Avvik 3: Manglande kontroll med samansetjinga av avfallet

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 14.07.2000. Punkt 4.2 i vilkåra for løyvet

Kommentarar: Det er ikkje gjennomført rutinemessig sorteringsanalyse av avfallet. Kommunen har tidlegare utarbeidd opplegg for slik sorteringsanalyse av avfallet, men denne er ikkje teke i bruk. Kommunen opplyser at instruks for sorteringsanalyse er revidert i september 2005, og at denne no vert sett ut i livet.

Rutinemessig analyse av avfallet vil gje eit betre grunnlag for å vurdere omfanget av ulovleg levering eller feillevering av avfall til deponiet, noko som òg vil gje grunnlag for å setje inn tiltak der dette er nødvendig.

4. Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1: Kontrollen med avfallet som blir deponert kan betrast

Kommentar: Det blir registrert mengde (vekt) og type avfall som kjem til avfallsplassen. Type avfall blir bestemt ut frå opplysningar frå avfallseigar/transportør, og ut frå noko visuell kontroll. Restavfall som kjem inn med renovasjonsbilane og større private leveransar av avfall blir deponert direkte på tippet før det blir kompaktert og dekket til. Generelt vil det då vere vanskeleg å halde kontroll med at for eksempel farleg avfall, EE-avfall og anna avfall som er ulovleg å deponere, ikkje blir deponert. Når det gjeld det innsamla avfallet blir det opplyst at det skjer ein kontroll ved henting (før avfallet blir lest på bilen). Vi stiller likevel eit spørsmål ved kor god denne kontrollen kan bli i praksis.

Kommunen må i framtida pårekne vesentleg betre kontroll med alt avfall før det blir deponert.

Jf. òg omtalen under avvik 2 og 3.

Merknad 2: Avvikssystemet er lite i bruk på avfallsplassen

Kommentar: Kommunen har utarbeidd ein internkontroll med m.a. rutinar for avvikshandsaming. Det synest ikkje som dette er i bruk når det gjeld å dokumentere korleis feillevering av avfall blir handtert.

Driftspersonale fører journal/dagbok over enkelte hendingar, utført arbeid og liknande.

5. Andre tilhøve

5.1 Observasjonar på avfallsplassen

På kontrolldagen var avfallsplassen ryddig. Det opne/aktive fyllingsområdet var lite, og det var god tildekking (med unntak av nokre stader der det er grave i tidlegare fylling for nedlegging av gassbrønner). Den høge fyllingsfronten gjer fyllinga sterkt eksponert for vind, med fare for flygeavfall. Det er sett opp fangnett for å redusere flygeavfall utom fyllinga. Nettet er nokså lågt, men driftspersonalet opplyser at det har god effekt. Det var lite avfall å sjå omkring plassen, men på grunn av vegetasjonen kan det på denne tida vere vanskeleg å få gode observasjonar. Driftspersonalet opplyser å ha rydda området rundt fyllplassen seinast i vår.

Miljøstasjonen (containerar for levering av farleg avfall, sortert avfall og restavfall) er plassert slik at det er vanskeleg for driftspersonalet å ha kontroll og å følgje med at avfallet blir rett sortert.

Gassanlegget var i funksjon. Det vart opplyst at det tek ut og brenner gass tilsvarande 120 – 130 kW.